



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Vi tilrår vern av Buggastrondi som naturreservat i Luster, Vestland

Statsforvaltaren i Vestland tilrår frivillig skogvern av Buggastrondi i Luster kommune i Vestland fylke. Skogen har svært viktige verneverdiar (A-område) av nasjonal verdi, og har ei utforming som peiker mot tørr kalkfurskog. Buggastrondi har høge kvalitetar i både storleik og arrondering. Området dekkjer heile gradienten frå fjord til fjell langs Lustrafjorden og ligg i nærleiken av andre verneområde. Floraen er artsrik, og det er registrert kravfulle marklevande sopp. Raudlista og truga artar er registrert, og det er potensial for å finne fleire.

Det tilrådte verneområdet er lokalisert på gards- og bruksnummer 183/20, 183/39, 183/37 og 182/2 i Luster kommune. Arealet er eigd av private grunneigarar, og dekkjer eit areal på 4054,5 dekar.

Saksbehandling

I tillegg til utsending av oppstart - og høyringsdokument direkte til aktuelle høyringsinstansar, er både oppstart og høyring kunngjort i aktuelle lokalaviser og presentert på nettstaden til Fylkesmannen i Vestland, frå 1. januar 2021 Statsforvaltaren i Vestland.

Namn	Tilbod	Oppstart	Høyring	Tilråding
Buggastrondi	09.01.2019	17.12.2020	11.02.2021	26.04.2021

Endringar under behandlinga av verneplanen

Det har ikkje vore grenseendringar i løpet av den formelle verneprosessen.

Opphavleg hadde området arbeidsnamn Kinsedal Sør, men Fylkesmannen foreslo namnet Buggestrondi i oppstartsprosessen. Språkrådet hadde innspel om at området burde heite Buggastrondi, noko vi støtta oss på i høyringa og tilrår dette namnet.

I oppstart og høyring var formuleringa knytt til beiting i verneområde slik: *Beiting med beitedyr som har tradisjon i området og som ikkje er til påviseleg skade for det biologiske mangfaldet*. Vi har endra dette til *Beiting*, i tråd med standard formulering for frivillig skogvernområde.



Verneformål og områdestatus

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på trua, sjeldan og sårbar natur i eit skogsområde med svært viktige naturverdiar i Vest-Noreg. Heimelsgrunnlaget er naturmangfaldlova § 37 a. Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

Arealet inngår som landbruks, natur- og friluftsliv (LNFR) i gjeldande kommuneplan. Det føreligg ingen reguleringsplanar for området. Luster kommune skriv i oppstartsmeldinga at Buggastrondi ligg inne i framlegget til buffersone rundt verdsarven Urnes. Grunnlaget for planområdet ligg inne i UNESCO sine Operational Guidelines, der det er forventa at alle verdsarvområde skal ha ein buffersone.



Buggastrondi har naturverdiar på nasjonalt nivå mellom anna med tørr kalkfuruskog og rik edellauvskog. Området ligg også inne i buffersoneplanen rundt verdsarven Urnes. På motsett side av fjorden ligg Luster Allmenning naturreservat. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm

Området er utan inngrep, kraftlinje og gran. Den nordlege delen av området har mange kulturminne frå andre verdskrig.

Vi gjer framlegg om bålforbod i forskrifta, då Buggastrondi er eit tørt og avsidesliggjande område. Dette er i tråd med grunneigarane sitt ønskje. Med eit vernevedtak vil området få meir merksemd. Besøkande til verdsarven vil også få informasjon om naturreservatet i nærleiken, og auke tilstrøyminga. Grunna store naturverdiar tilrår vi bålforbod i naturreservatet.

Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar

Luster kommune har god kompetanse og erfaring med forvaltning av verna område, og vi ser det som naturleg at den får tilbod om delegering av forvaltningsstyresmakt for Buggastrondi. Fordi det ikkje er gjort inngrep i nyare tid i området, og heller ikkje er planta gran her, kan vi ikkje sjå utgifter knytt til tiltak ved vern av området. Det vil elles vere eit ordinært oppsyn i området i regi av Statens naturoppsyn (SNO).



Merknader til verneforslaget

Oppstart og høringsbrev for verneområdet er sendt til relevante sentrale og lokale partar, sjå adresseliste bak i dette brevet. I tillegg til utsending av oppstart - og høringsdokument direkte til aktuelle høringsinstansar, er både [oppstart](#) og [høyring](#) presentert på nettstaden til Fylkesmannen, seinare Statsforvaltaren i Vestland og kunngjort i Sogn Avis.

Oppstart vart meldt 17. desember 2020, og høyringa vart lagt ut den 11. februar 2021. Det kom inn totalt 16 uttaler til verneforslaget, og ingen av desse har vore kritiske til verneforslaget.

Språkrådet kom med uttale om å bruke namnet Buggastrondi, noko vi støttar.

Fortidsminneforeninga kom med framlegg om, i verneforskrifta, å opne for uttak av spesialvirke til formidlingsprosjekt for Urnes stavkyrkje. Statsforvaltaren meiner det bør være rom for å ta ut spesialvirke i andre område enn i Buggastrondi naturreservat.

Norsk Bergindustri skriv at det er svært viktig at ei verneforskrift tek omsyn til framtidige mogelege geologiske drivverdige førekomstar. Dei vil at §§ 4, 6-8 tek omsyn til utvinning og tilgang til eit eventuelt utvinningsområde. Statsforvaltaren meiner at mineralutvinning med tilkomstveg her ikkje er tilrådeleg eller i samsvar med naturmangfaldlova, og vil ikkje tilrå dette i eit naturreservat.

Luster kommune, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Direktoratet for mineralforvaltning, Statens vegvesen, Statnett, Landbruksdirektoratet, og Forsvarsbygg har ingen vesentleg merknader.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Etablering av Buggastrondi naturreservat i Luster vil sikre naturmangfaldet i dette området mot fysiske inngrep, jf. naturmangfaldlova § 8. Det har særskild positiv betydning for artsmangfaldet her, ettersom fysiske inngrep er dokumentert å vere det største trugsmålet mot naturmangfald både globalt og lokalt i Norge.

Ivaretaking og vidare naturleg utvikling av naturmangfaldet i naturreservata vil også kunne fungere som ei kjelde for å styrke populasjonar av plante- og dyreartar utanfor reservatgrensene, jf. naturmangfaldlova § 10 om samla belastning. På den andre sida av Lustrafjorden for Buggastrondi ligg Luster allmenning naturreservat, som også er eit skogreservat. To naturreservat med skognatur relativt nær kvarandre vil gjere dei meir robuste og auke levedyktigheit til artar og populasjonar som har tilhald her.

Med bakgrunn i at vernet berre vil gje positive effektar på naturmangfaldet, vel vi å ikkje vurdere §§ 8-12 nærare (jf. rettleiar om naturmangfaldlova kap. II 2016).



Statsforvaltaren si tilråding

Statsforvaltaren i Vestland tilrår å opprette Buggastrondi naturreservat i Luster kommune. Vernekart og verneforskrifter ligg ved denne tilrådinga.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Verneforskrift for Buggastrondi i Luster_tilråding
- 2 Vernekart for Buggastrondi, Luster



Mottakerliste:



